
Saknr: 2020/43381-58
Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik, Susan
Husabø

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		17.04.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		20.04.2020

Lokalisering av programområde på vg2 på nye/endra utdanningsprogram frå skuleåret 2021/22

Forslag til vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek lokalisering av programområde på vg2 på nye/endra utdanningsprogram som følgjer

1. Frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign

Skule	Frisør	Blomsterdekoratør	Interiør- og utstillingsdesign
Eid vgs	x		x
Fitjar vgs			x
Voss gymnas	x		
Årstad vgs	x	x	x

2. Handverk, design og produktutvikling

Skule	Søm og tekstilhandverk	Smed	1+3-løp*
Eid vgs			x
Knarvik vgs	x		
Odda vgs		x	
Årstad vgs	x		

Ved Eid vgs vil det planleggast eit 1+3-løp som er retta mot møbelsnekkar.

3. Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Skule	Informasjonsteknologi	Medieproduksjon
Amalie Skram vgs	x	x
Måløy vgs	x	
Stord vgs	x	
Voss gymnas	x	

4. Sal, service og reiseliv

Skule	Sal og reiseliv	Service og sikkerheit
Amalie Skram vgs	x	x
Flora vgs	x	
Mo og Øyrane vgs	x	
Os vgs	x	
Sogndal vgs	x	
Sotra vgs	x	
Stend vgs	x	x
Stord vgs	x	
Stryn vgs	x	
Voss gymnas	x	
Åsane vgs	x	x

5. Bygg- og anleggsteknikk

Skule	Anleggsteknikk	Tømrar	Betong og mur	Røyr	Ventilasjon, membran og takteking	Anleggsgartnar og idr.anl.fag
Arna vgs		x				
Askøy vgs		x			x	
Austrheim vgs		x				
Flora vgs		x		x b	b	
Knarvik vgs		x				
Kvinnherad		x				
Laksevåg og Bergen maritime vgs		x				
Mo og Øyrane vgs	x	x a	a			
Måløy vgs		x				
Odda vgs		x				
Os vgs	x	x				
Slåtthaug vgs		x	x			
Sogndal vgs	x	x a	a	x b	b	
Sotra vgs		x	x			
Stend vgs						x
Stord vgs		x				
Stryn vgs		x				
Voss vgs		x	x			
Åsane vgs		x	x	x		

X viser til ein eller fleire klassar. A viser lokalisering av kombinasjonen av vg2 tømrar og vg2 betong og mur, medan b viser lokalisering av kombinasjonen vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og takteking. Ved Måløy og Stryn vidaregåande skular kan det være aktuelt å kombinere vg1 bygg- og anleggsteknikk med vaksenopplæringstilbod som bidreg til auka søkargrunnlag til vg2-tilbodet og 1+3 i byggdriftarfaget.

6. Restaurant- og matfag

Vg2 baker og konditor blir lokalisert til Sandsli vgs. Elles vil programområda på vg2 vere uendra.

Samandrag

Hausten 2020 blir dei nye utdanningsprogramma på vg1 frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign, handverk, design og produktutvikling, informasjonsteknologi og medieproduksjon, og sal, service og reiseliv innført. Programområda på vg2 blir innført frå hausten 2021. Då vil det også bli innført endringar på vg2 bygg- og anleggsteknikk og vg2 restaurant- og matfag. Lokalisering og dimensjonering av tilboda på vg2 frå 2021 er i utgangspunktet gjenstand for politisk handsaming hausten 2020. Grunna større endringar på vg2 er det likevel tenleg å lokalisere programområde som i større grad blir påverka av ny yrkesfagstruktur allereie denne våren.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil med denne saka vurdere kva programområde på vg2 i nye/endra utdanningsprogramma Vestland fylkeskommune bør tilby og kva skular som skal tilby desse.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sak om opplæringstilbod for Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21, sak 11/2019, blei handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse 02.12.2019.

Saka gjorde greie for opplæringstilbod som blei lyst ut for skuleåret 2020/21, og bygde på dei tilbod som allereie var satt i gang skuleåret 2019/20. Samtidig lokaliserte og dimensjonerte saka fire nye utdanningsprogram på vg1 som blir innført frå skuleåret 2020/21.

Lokalisering og dimensjonering av tilboda på vg2 frå 2021 er i utgangspunktet gjenstand for politisk handsaming hausten 2020. Grunna større endringar på vg2 er det likevel tenleg å lokalisere programområde som i større grad blir påverka av ny yrkesfagstruktur allereie denne våren. Kva programområde på vg2 skulane skal få lyst ut, vil påverke skulane sitt arbeid med rekruttering, kompetanseheving, samarbeid med arbeids- og næringsliv om innhald i opplæringa, praksisplassar og formidling til lære, og moglege behov for tilpassing av eksisterande areal.

I tillegg til nye programområde på fire nye utdanningsprogram frå hausten 2021, blir det også større endringar på vg2 bygg- og anleggsteknikk. Restaurant- og matfag får i mindre endra struktur på vg2.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil i denne saka vurdere kva programområde på vg2 i dei nye utdanningsprogramma Vestland fylkeskommune bør tilby og kva skular som skal tilby desse. I tillegg vil fylkesdirektøren tilrå lokalisering av programområde på vg2 bygg- og anleggsteknikk, og vg2 restaurant og matfag.

Vedtakskompetanse

Utval for opplæring og kompetanse har avgjerdsmynde etter Reglement for delegering etter særlov, kap. 26, § 3-1.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tal klassar vurderast i sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22, og blir politisk handsama hausten 2020.

Klima: Ikkje relevant i denne saka.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka.

Regional planstrategi: Nye opplæringstilbod blir lokaliserte i denne saka. Dimensjonering kjem fylkesdirektøren tilbake til i sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22.

Konklusjon

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse tilrå lokalisering av vg2 programområde på nye/endra utdanningsprogram som følger av innstilling og saksutgreiing. Dimensjonering av tilboda kjem fylkesdirektøren tilbake til i sak om opplæringstilbod skuleåret 2021/22, hausten 2020.

Bakgrunn

Sak om opplæringstilbod for Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21, sak 11/2019, blei handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse 02.12.2019.

Saka gjorde greie for opplæringstilbod som blei lyst ut for skuleåret 2020/21, og bygde på dei tilbod som allereie var satt i gang skuleåret 2019/20. Samtidig lokaliserte og dimensjonerte saka fire nye utdanningsprogram på vg1 som blir innført frå skuleåret 2020/21.

Lokalisering og dimensjonering av tilboda på vg2 frå 2021 er i utgangspunktet gjenstand for politisk handsaming hausten 2020. Grunna større endringar på vg2 er det likevel tenleg å lokalisere programområde som i større grad blir påverka av ny yrkesfagstruktur allereie denne våren. Kva programområde på vg2 skulane skal få lyst ut, vil påverke skulane sitt arbeid med rekruttering, kompetanseheving, samarbeid med arbeids- og næringsliv om innhald i opplæringa, praksisplassar og formidling til lære, og moglege behov for tilpassing av eksisterande areal.

I tillegg til fire nye utdanningsprogram, er det større endringar på vg2 bygg- og anleggsteknikk. Denne saka vil lokalisere dei nye tilboda på bygg- og anleggsteknikk. Restaurant- og matfag vil også få strukturelle endringar, men i mindre omfang.

Fylkesdirektøren vil med denne saka vurdere kva programområde på vg2 i dei nye utdanningsprogramma Vestland fylkeskommune bør tilby og kva skular som skal tilby desse. I tillegg vil fylkesdirektøren tilrå lokalisering av programområde på vg2 bygg- og anleggsteknikk, og vg2 restaurant og matfag.

Prosess lokalisering av programområde på vg2

Eit viktig grunnlag for å dimensjonere vg2 er omfanget av elevar som startar på vg1, kor mange som søker vg2, og kva programområde dei søker til, og omfang av tilgjengelege læreplassar som dei einiskilde programområda vg2 rekrutterer til.

Sjølve dimensjoneringa av vg2-tilboda, altså kor mange elevplassar som blir lyst ut innan dei aktuelle programområda kjem fylkesdirektøren tilbake til i sak om opplæringstilbod hausten 2020. I denne saka tilrår fylkesdirektøren lokalisering av programområda på vg2, gjeldande frå hausten 2021.

Sommaren 2019 fekk skulane ei spørjeundersøking, der fylkesdirektøren m.a. ønskte tilbakemeldingar på kva skulane såg som føremålstenleg å tilby i ny yrkesfagstruktur, i lys av eksisterande struktur, investeringsbehov, og lokalt og regionalt kompetansebehov (omfang av læreplassar). I undersøkinga svarte skulane samtidig på kva programområde på vg2 som var aktuelt å tilby.

Bedrifter og opplæringskontor som er relevante for dei nye utdanningsprogramma fekk i februar 2020 tilsendt ei spørjeundersøking som hadde til føremål å belyse kapasitet til å ta i mot elevar i praksis på vg1 og vg2, i tillegg til forventa omfang læreplassar, jf. kapittelet «Kapasitet og plan for formidling på læreplassar og praksisplassar». Skulane fekk også ei undersøking knytt til faget yrkesfag fordjuping (YFF) og formidlingsarbeid.

Fylkesdirektøren har også hatt eit eige møte med Byggopp - opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk med tanke på dimensjonering av vg2 bygg- og anleggsteknikk.

Dimensjonering nye utdanningsprogram på vg1

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i sak 11/2019 å lyse ut dei nye utdanningsprogramma som vist under. Omfang av tilbod som blir sett i gang på vg1 blir vurdert i eiga politisk sak «justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21».

Vg1

Frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign

Skule	Klassetal	Elevplasstal
Årstad vgs	3	45
Voss gymnas	1	15
Fitjar vgs	1	15
Eid vgs	1	15
Netto	6	90

Handverk, design og produktutvikling

Skule	Klassetal	Elevplasstal
Årstad vgs	1	15
Knarvik vgs	1	15
Eid vgs	1	15
Netto	3	45

Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Skule	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	4	60
Stord vgs	2	30
Voss gymnas	1	15
Måløy vgs	1	15
Netto	6	90

Sal, service og reiseliv

Skule	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	4	60
Os vgs	1	15
Stend vgs	2	30
Voss gymnas	1	15
Åsane vgs	3	45
Stord vgs	2	30
Sotra vgs	2	30
Flora vgs	1	15
Mo og Øyrane vgs	1	15
Sogndal vgs	1	15
Stryn vgs	1	15
Netto	19	285

Kapasitet og plan for formidling på lære plassar og praksis plassar

I sak 11/2019, vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse, eit nytt punkt 9:

Skular som får lyst ut plassar innan dei nye utdanningsprogramma Vg1 DT og Vg1 FBI, Vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon og Vg1 sal, service og reiseliv må synleggjere kapasitet og plan for formidling på lære plassar og praksis plassar fram mot justeringssaka i april.

Fylkesdirektøren sende på bakgrunn av dette vedtaket ut ei spørjeundersøking til alle skulane som fekk lyst ut tilboda på vg1, i tillegg til relevante opplæringskontor.

Spørsmål som gjekk til skulane:

1. Kva bedrifter har skulen samarbeid med og kor mange lære plassar er det i kvar av bedriftene?

2. I dei programområda der skulen har låge formidlingstal til opplæring i bedrift, ønsker vi at skulen seier noko om årsakene. Vi ønsker tilbakemelding splitta på programområde- og lærefag.
3. Kva dialog har skulen med arbeidslivet med tanke på å avklare læreplasstilgang i dei ulike faga? I kva grad har skulen oversikt over læreplasstilgangen i dei enkelte programområda i sitt rekrutteringsområde?
4. Beskriv kort korleis skulen planlegg å gjennomføre arbeidet med formidling av elevar frå opplæring i skule til opplæring i bedrift.
5. Kor stor del av elevane er ute i praksis i offentlege og private verksemder i YFF-faget, på vg1 og vg2?

Spørsmål som gjekk til bedrifter/opplæringskontor:

1. Kva kapasitet har verksemdene til å ta i mot elevar i praksis i faget YFF på vg1 og vg2?
2. Kva er utfordringane på vg1 og vg2 med tanke på å ta i mot elevar i praksis i YFF?
3. Med kjennskap til kompetansebehov i lokalt og regionalt arbeidsliv, kor mange læreplassar kan det vere rimeleg å forvente i lærefag som går ut i frå aktuelle programområde på vg2?

Oppsummering av tilbakemeldingar frå skulane

Under følgjer ei oppsummering av tilbakemeldingane. Det var naudsynt å komprimere svara, og gi ei meir generell og overordna oppsummering av innspela. Alle skulane som fekk undersøkinga svarte på denne.

1. Kva bedrifter har skulen samarbeid med og kor mange læreplassar er det i kvar av bedriftene?

Samarbeidsbedrifter: Det er varierende i kva grad og omfang skulane listar opp samarbeidsbedrifter. Fleire skular listar opp kva samarbeidsbedrifter skulen har, og synleggjer med det eit godt nettverk. Ikkje unaturleg, er det skular som har hatt det tidlegare Service og samferdsel, som har eit større utarbeidd nettverk innan utdanningsprogrammet.

Det er varierende i kor stor grad skulane listar opp tal læreplassar i dei enkelte bedriftene, og det har difor ikkje større verdi å liste opp eit omfang. Av skulane som talfestar læreplassar, har dei fleste verksemdene ein til to læreplassar kvar.

Også innan handverk, design og produktutvikling og frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign viser skulane at dei har samarbeidsbedrifter, men i noko mindre omfang. Det er også en forskjell i omfang læreplassar innan utdanningsprogrammet, noko som visast igjen i skulane sine tilbakemeldingar.

Ein av skulane har gjennom skulebruksplanen for Hordaland fått overført Service og samferdsel frå to andre skular. Dei har ikkje tilbudd utlyst utdanningsprogram tidlegare, og har dermed ikkje historikk å vise til. Samtidig peiker dei på viktigheita av å opparbeide kontaktnettet basert på dei to andre skulane sitt tidlegare arbeid.

2. I dei programområda der skulen har låge formidlingstal til opplæring i bedrift, ønsker vi at skulen seier noko om årsakene. Vi ønsker tilbakemelding splitta på programområde- og lærefag.

Skulane gir ei generell tilbakemelding på formidlingsgrad. To skular viser til full formidling til læreplass innan Service og samferdsel.

Generelt skriv skulane at dei fleste elevane som ønskjer læreplass, og er kvalifiserte, får læreplass i Service og samferdsel, utan at dette i særleg grad blir talfesta. På den andre sida er service og samferdsel tradisjonelt eit utdanningsprogram som rekrutterer til påbygg.

Av andre årsaker som gjer at formidlinga kan vere låg, er det samarbeid mellom skule og arbeidsliv, motivasjon hos elevane og tilgang på læreplassar som er årsakene som går igjen.

Det varierer i kva grad skulane rapporterer på programområde og lærefag.

3. Kva dialog har skulen med arbeidslivet med tanke på å avklare læreplasstilgang i dei ulike faga?

Tilbakemelding frå skulane er relativt eins med tanke på at dei beskriv dialogen på overordna nivå.

Skulane viser til at det i stor grad er møte mellom aktuelt arbeidsliv der det blir skrivne partnerskapsavtalar/samarbeidsavtalar. Det blir vidare vist til arbeidet arbeidslivskontakten gjer (SFJ), og erfaringar frå yrkesfagkoordinator (HFK), og utarbeiding av formidlingsplan, som skal sikre at elevane har eit godt grunnlag for å søkje/få læreplass etter vg2.

Dialogen skal vidare sikre at skulen har mogelegheit for å utplassere elevar i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF), som er eit viktig fag for elevane til å selje seg sjølve inn som framtidige arbeidstakarar.

Lærarane i faget YFF er også sentrale, då desse gjerne er dei som har mest kontakt med samarbeidsbedriftene og oppfølging av elevane undervegs i skuleåret.

Tilbakemeldingane frå skulane er i stor grad knytt til praksis i YFF, og mindre til konkret arbeid med å avklare læreplasstilgang. Samtidig viser skulane til at praksis først og fremst bør skje i godkjente lærebedrifter. Der kor skulen har avtalar med andre bedrifter, blir det peika på at elevane også må ha praksis i godkjente lærebedrifter av omsyn til at elevane skal få større sjanse for å skaffe seg læreplass.

4. Beskriv kort korleis skulen planlegg å gjennomføre arbeidet med formidling av elevar frå opplæring i skule til opplæring i bedrift.

Skulane ser dette spørsmålet i samheng med det arbeidet dei gjer for å avklare læreplasstilgang.

Aktivitetar blir beskrive på systemnivå, der ein klar plan for formidling gjennom vg1 og vg2 er gjennomgåande. Identifisering, kartlegging og oppfølging gjennom t.d. læreplassekneskapet eller arbeidslivskontakt blir trekt fram av fleire skular som viktig for å halde oversikt på skulenivå, og setje inn tiltak med mål om å gjere elevane formidlingsbare og auke sjansane for at dei får lærekontrakt.

YFF blir løfta fram som eit sentralt verkemiddel i formidlingsarbeidet. Utplassering frå vg1 og at elevane får brei erfaring gjennom praksis i ulike verksemdar er tiltak for å leggje til rette for at elevane utviklar god valkompetanse, gjer seg kjende med bedriftene, og at bedriftene blir kjende med elevane.

Tiltak som andre formar for bedriftsbesøk og at bedriftene kjem til skulen blir også løfta fram av fleire som viktig i formidlingsarbeidet. Samtidig er skulane tett på elevane undervegs med søknads- og intervjutrening, og identifisere elevar som ønskjer seg ut i lære, men treng ekstra støtte til formidling.

5. Kor stor del av elevane er ute i praksis i offentlege og private verksemdar i YFF-faget, på vg1 og vg2?

Elleve skular rapportar at alle elevane er ute i praksis i YFF. Av desse, skriv seks skular eksplisitt at alle elevane på vg1 og vg2 har praksis.

To skular viser til at det nye utdanningsprogrammet på vg1 er nytt, og at dei då ikkje har erfaringar frå tidlegare. Når det gjeld YFF, skriv dei høvesvis at organisering av faget ikkje er avgjort, og at det er eit ønskje at elevane skal utplasserast i både vg1 og vg2.

Ein skule skriv at halvparten av elevane er ute i praksis.

Ein skule skriv at alle på vg2 er ute i praksis, og i nokon grad på vg1. Dette er ei ordning som også truleg gjeld for dei skulane som skriv at alle elevar er ute i praksis.

Ein skule kommenterer ikkje spørsmålet.

Oppsummert sannsynleggjer skulane at elevane har praksis i YFF på vg2. Det er samtidig ein mindre del elevar som har praksis på vg1, noko som også er kjent frå andre yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette heng ofte saman med elevane sin alder, kompetanse og kapasitet i bedriftene til å ta i mot elevar i praksis. På spørsmål om skulane sitt arbeid for å avklare læreplasstilgang og formidling frå opplæring i skule til bedrift er svara mindre konkrete, og gjerne beskrive på systemnivå.

Oppsummering av tilbakemeldingar frå bedriftene og opplæringskontora

På same tidspunkt som skulane fekk sendt ei spørjeundersøking om nye utdanningsprogram, sende fylkesdirektøren ut ei spørjeundersøking til lærebedrifter og opplæringskontor som er relevante for dei nye utdanningsprogramma. Formålet var å kartlegge kapasitet til å ta i mot elevar i YFF, utfordringar knytt til elevpraksis, og forventa tal læreplassar som går ut frå aktuelle programområde på vg2.

16 av 46 inviterte svarte på undersøkinga. Under følger ei oppsummering av tilbakemeldingane fylkesdirektøren fekk på undersøkinga.

1. Kva kapasitet har verksemdene til å ta i mot elevar i praksis i faget YFF på vg1 og vg2?

Verksemd	Svar
Dada Hårstudio as	4 elevar vg1 og 4 elevar vg2
AS Skan-kontroll	0
Hotel Ullensvang	0
Opplæringskontoret for Service og Samferdsel i Hordaland	God kapasitet
Ok for Hotell og Restaurantfag i Hordaland	Gode
Handalag Opplæringskontor (hovudtyngd av læreplassar i Kvam)	Frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign: Har ikkje medlemsbedrifter i dag, men trur det er gode mogelegheiter innan frisør, gitt tal frisørsalongar i Kvam Går ut i frå at det er mogeleg å ta ut mot elevar i trebåtbyggjarfaget, reipslagarfaget og i bunadstilverkar. Sal, service og reiseliv, og IKT og medieproduksjon: Har medlemedbedrifter som kan ta i mot elevar. Arbeider for å få fleire medlemsbedrifter.
Frisørfagets Opplæringskontor	God kapasitet og velvilje hos frisørsalongane. YFF nytta som rekrutteringskanal.
Bergen kommune/Yrkesopplæring	Sal, service og reiseliv, og IKT og medieproduksjon som er mest aktuelt. Kan ikkje talfeste kapasitet.
Sogn Opplæringskontor	God kapasitet
Kvinnherad kommune	Ein eller to innan informasjonsteknologi og medieproduksjon
Live2Learn fleirfagleg opplæringskontor	Talfester ikkje kapasitet. Støttar skular som ikkje får elevar ut i YFF.
Ytre Sunnhordland Opplæringskontor	1-2
Nordfjord opplæringskontor	God kapasitet
Visit	4 frisørelevar i kvar praksisperiode
Opplæringskontoret for Nordhordland:	Frisør-, blommar, interiør- og eksponeringsdesign: 2 elevar på vg1 og 3 elevar vg2 IKT og medieproduksjon: 2 elevar vg1 og 2 elevar vg2 Sal, service og reiseliv: 5 elevar vg1 og 6 elevar vg2
Service og samferdsel Opplæringskontor SA	3-10

2. Kva er utfordringane på vg1 og vg2 med tanke på å ta i mot elevar i praksis i YFF?

Opplæringskontora og lærebedriftene gir ikkje utfyllande svar på spørsmålet. I hovudtrekk går det på organisering av faget og innhald i praksis i bedrift. Under er ei kort oppsummering i kulepunkt av tilbakemeldingane på spørsmålet.

- Ikkje kapasitet til å auke utover det som er talet i dag

- Organisering av YFF - samanhengande/bolkar/kven som følger opp elevane/logistiske utfordringar/avgrensa kva typer oppgåver elevane kan få/relevans i oppgåver
- Generelt er det få som seier at det er utfordringar på kapasitet. Det går altså meir på kva oppgåver elevane kan delta på, og organisering av YFF.
- Fleire bedrifter/OK rapporterer også at det ikkje er nokre spesielle utfordringar.

3. Med kjennskap til kompetansebehov i lokalt og regionalt arbeidsliv, kor mange læreplassar kan det vere rimeleg å forvente i lærefag som går ut i frå aktuelle programområde på vg2?

Verksemd	Svar
Dada Hårstudio as	4
AS Skan-kontroll	3
Hotel Ullensvang	5
Opplæringskontoret for Service og Samferdsel i Hordaland: Salsfaget Arbeider for å få fleire godkjende lærebedrifter i salsfaget. Er i gang med å få medlemsbedrifter i reiselivsfaget.	Salsfaget: 25-30 Kontorfag: 5
Ok for Hotell og Restaurantfag i Hordaland	15
Handalag Opplæringskontor (hovudtyngd av læreplassar i Kvam)	Frisør: 2-3 Trebåtfag: 1-2 Bunadstilverkar: 1 Salsfaget: 1-2 IT driftsfag: 3-4
Frisørfagets Opplæringskontor	25-30 (hovudsak i stor-Bergen)
Bergen kommune/Yrkesopplæring	Administrasjonsmedarbeidar: 6-8 IT driftsteknikar: 8 Arbeider for å auke tal læreplassar.
Sogn Opplæringskontor	3-4
Kvinnherad kommune	Ikkje svart
Live2Learn fleirfagleg opplæringskontor	Viser berre til lærefag i teknikk og industriell produksjon. Ikkje relevant for dei nye utdanningsprogramma.
Ytre Sunnhordland Opplæringskontor	1
Nordfjord opplæringskontor:	Frisør: 10-12 Sal og reiseliv: Dei som ønskjer. Læreplassar innan interiør og utstillingsdesign, men elevane går til PB3. Informasjonsteknologi har ein ikkje erfaring med, men med utgangspunkt i behovet for dataelektronikarar, vil det truleg vere eit stort behov for næringa i Nordfjord. Trearbeid: få læreplassar her, tyngdepunktet er innan treindustrien/industrisnekkar.
Visit	4
Opplæringskontoret for Nordhordland:	Blomsterdekoratør 1-2, frisørfag: 2-3, profileringsdesignfaget: ? Informasjonsteknologi: 4, medieproduksjon:?, Sal og reiseliv: 5-7, Service og sikkerhet: 6-7
Service og samferdsel Opplæringskontor SA	5

Når om lag ein tredel av inviterte lærebedrifter og opplæringskontor svarar på undersøkinga, gir ikkje det ei fullgod oversikt over total kapasitet på læreplassar tilgjengelege i dei ulike utdanningsprogramma. Parallelt går det også ein prosess med å få oversikt over mogelege læreplassar i 2020. Intensjonsavtalar er ein viktig reiskap i arbeidet då det gir ein peikepinn på arbeids- og næringslivet sine behov for lærlingar.

Ein må med andre ord sjå fleire kjelder i samanheng for å få eit meir presist bilete av kapasiteten verksemdene har for å ta inn lærlingar og med det dimensjonering av tilboda i vidaregåande opplæring.

Dialog med Byggopp – opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk

Vg1 bygg- og anleggsteknikk får ikkje endringar i ny yrkesfagstruktur, men på vg2 blir programområda delt, som vist til på side 13. Fylkesdirektøren hadde særleg behov for å ha ein dialog med opplæringskontoret knytt til det nye programområdet vg2 betong og mur, som grunnlag for lokalisering av tilbodet.

Opplæringskontoret teiknar om lag 50 lærekontraktar årleg i betongfaget og 20 kontraktar i murarfaget. Om lag 90 % av kontraktane i betongfaget går gjennom opplæringskontoret.

Byggopp viser til at om lag 20 av 50 søkjarar til læreplass i betongfaget er primærsøkjarar. Motivasjon for gjennomføring av opplæringa betyr mykje, og dei opplever at det er færre hevingar av lærekontrakt hos primærsøkjarane.

Opplæringskontoret ønsker primært 2+2 modellen, men det er ikkje alle stader det er mogeleg å få til. Strukturendringa kan føre til tydelegare rekruttering mot faga, og opplæringskontoret ønskjer å bruke meir tid på å motivere elevar på vg1 til eit løp mot betong og mur.

Opplæringskontoret peiker på at søkjarar frå distriktet får gå på sin nærskule. Truleg vil det som hovudregel ikkje vere elevgrunnlag for heile klassar for vg2 betong og mur i store delar av distriktet. Byggopp peiker på ei løysing med kombinasjonsklassar med tømrrar og betong.

Hovudtyngda av lærekontraktane i sørleg del av Vestland fylke er teikna i stor-Bergen. Fylkesdirektøren tilrår at dette er styrande for lokalisering av tilboda.

Nye utdanningsprogram

Frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign

Utdanningsprogrammet er nyoppretta frå hausten 2020, og skal dekke programområde på vg2 som tidlegare låg under Design og handverk.

Det er avgrensa kor mange tilgjengelege læreplassar det er innan utdanningsprogrammet i dag. Frisørfaget er det som skil seg ut. Samtidig er det mange elevar som vel å ta frisørutdanninga gjennom privatskular, noko som påverkar dimensjoneringa av tilbodet i offentleg vidaregåande skule.

Vg1 frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign leier til tre programområde på vg2:

- Blomsterdekoratør
- Frisør
- Interiør- og utstillingsdesign

Med utgangspunkt i dimensjoneringa på vg1, vurderer fylkesdirektøren at Årstad vgs bør ha det breiaste tilbodet på vg2. Samtidig blir det tilrådd vg2-tilbod ved dei andre skulane som har vg1.

Fylkesdirektøren har fått innspel på kva programområde skulane ser som føremålstenleg å tilby, som baserer seg på tilbod dei i dag har eller har hatt.

Handverk, design og produktutvikling

Utdanningsprogrammet design og handverk blir frå hausten 2020 erstatta av vg1 handverk, design og produktutvikling, vg1 og frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign.

Vg1 leier til åtte programområde på vg2:

- Børsemakar
- Båtbygger
- Duodji
- Gull- og sølvsmedhandverk
- Smed

- Søm og tekstilhandverk
- Trearbeid
- Ur- og instrumentmakar

Utdanningsprogrammet leier til smale vg2-løp, og fylkesdirektøren vurderer at det er vg2 søm og tekstilhandverk som er det mest aktuelle å tilby. Dette samsvarar også med kva som blir tilbudd i eksisterande struktur. I tillegg har Odda vgs i dag landsline i smed, og er av den årsaka tatt med i tilrådinga.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Utdanningsprogrammet kombinerer IKT frå tidlegare service og samferdsel, og medieproduksjon som midlertidig var lagt til design og handverk.

Vg1 leier til to programområde på vg2:

- IKT-servicefag
- Medieproduksjon

I Hordaland har det vore etterspurnad etter kompetansen til elevar som går IKT-servicefag (gamal struktur), medan i Sogn og Fjordane har dataelektronikarfaget i større grad dekkja dette kompetansebehovet. Utdanningsprogrammet og programområdet IKT-servicefag vil vere ei styrking og vidareutvikling av IKT-feltet, samanlikna med eksisterande struktur. Fylkesdirektøren vurderer at det er naudsynt å oppretthalde dimensjonering på dette tilbudet.

Etterspurnaden etter medieproduksjon har vore mindre. Her er det truleg at det for mange elevar vil føre til eit løp mot vg3 påbygging. Dimensjonering av tilbudet må spegle dette, og erfaringar knytt til framtidig etterspurnad av læreplassar vil kunne regulere tilbudet i framtidige saker om opplæringsstilbod. Tilbodet på medieproduksjon blir i tillegg lagt til skular med erfaring med mediefag, og som i dag tilbyr utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon, for å utnytte kompetanse og utstyr.

Sal, service og reiseliv

Utdanningsprogrammet erstattar det gamle service og samferdsel, men kor IKT-servicefag er teke ut i eit nytt utdanningsprogram. Vg2 transport og logistikk blir flytta til teknikk og industriell produksjon.

Vg1 leier til to programområde på vg2:

- Sal og reiseliv
- Service og sikkerheit

Faget har ikkje like lange tradisjonar for eit løp mot fag-/sveinebrev som andre tradisjonelle yrkesfag, som t.d. bygg- og anleggsteknikk.

Utdanningsprogrammet er breitt representert i dei ulike områda i fylket, og spelar ei viktig rolle for kjønnsbalanse ved skulane. Tilbodet er også viktig for å både gi ein breiare tilbudsstruktur, og vere eit tilbod for ulike elevgrupper.

Utdanningsprogram med større endringar

Med unntak av dei fire nye utdanningsprogramma, blir det også gjort nokre større endringar ved andre utdanningsprogram.

Bygg- og anleggsteknikk

Bygg og anleggsteknikk får ikkje ny struktur på vg1, men vil få større endringar på vg2-nivå, med deling av programområde. I tillegg blir vg2 anleggsgartnar flytta hit frå Naturbruk.

Endringane på vg2 frå hausten 2021 er:

- vg2 byggtেকnikk blir delt i vg2 tømrer og vg2 betong og mur
- vg2 klima-, energi- og miljøteknikk blir delt i vg2 røyr, og vg2 ventilasjon, membran og takteking
- vg2 anleggsgartnar blir flytta frå Naturbruk til BA

Restaurant- og matfag

Restaurant- og matfag får ikkje ny struktur på vg1, men nokre endringar på vg2. Vg2 kokk- og servitørfag blir ikkje endra i tilbodsstrukturen, men vg2 matfag blir delt i vg2 bakar og konditor, og vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri.

Dei fleste tilboda på vg2 restaurant- og matfag i gamal struktur er vg2 kokk og servitør. Det er berre Sandsli vgs i Hordaland som har hatt vg2 matfag.

På bakgrunn av spørjeundersøking til skulane sommaren 2019 om nye og endra utdanningsprogram, var det berre Sandsli vgs som spelte inn eit behov for å tilby andre programområde enn vg2 kokk og servitør. Behovet var knytt til vg2 bakar og konditor.

Fylkesdirektøren vurderer at Sandsli vgs bør tilby vg2 bakar og konditor frå skuleåret 2021/22.

Tilråding lokalisering programområde vg2 nye/endra utdanningsprogram

Frisør-, blommar, interiør og eksponeringsdesign

Skule	Frisør	Blomsterdekoratør	Interiør- og utstillingsdesign
Eid vgs	x		x
Fitjar vgs			x
Voss gymnas	x		
Årstad vgs	x	x	x

Handverk, design og produktutvikling

Skule	Søm og tekstilhandverk	Smed	1+3-løp
Eid vgs*			x
Knarvik vgs	x		
Odda vgs**		x	
Årstad vgs	x		

* Ved Eid vgs vil det planleggast eit 1+3-løp som er retta mot møbelsnekkar.

** Odda vgs har i dag landslinetilbod på vg2 smed.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Skule	Informasjonsteknologi	Medieproduksjon
Amalie Skram vgs	x	x
Måløy vgs	x	
Stord vgs	x	
Voss gymnas	x	

Sal, service og reiseliv

Skule	Sal og reiseliv	Service og sikkerheit
Amalie Skram vgs	x	x
Flora vgs	x	
Mo og Øyrane vgs	x	
Os vgs	x	

Sogndal vgs	x	
Sotra vgs	x	
Stend vgs	x	x
Stord vgs	x	
Stryn vgs	x	
Voss gymnas	x	
Åsane vgs	x	x

Vg2 bygg- og anleggsteknikk

Bakgrunn for lokalisering av vg2-tilbodet er basert på skulane sine tilbakemeldingar om kva dei ser som føremålstenleg å tilby, og Byggopp sine innspel på kor mange lærekontraktar som blir skrivne og i kva område lærebedriftene er. I tillegg har det vore gjennomført ein prosess med skulane og næringslivet i tidlegare Sogn og Fjordane om mogelege løysingar, der mogelege løysingar med kombinasjonsklassar er løfta fram.

Endringane i tilbodsstrukturen i utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk fleire utfordringar for distrikta enn noverande struktur. Elevtilgangen gjer det vanskeleg å ha tilbod i fleire programområde, dersom ein baserer seg på heile eller halve grupper.

YSK-ordningar og vekslingsmodell er ikkje omtalte i denne saka.

Vg2 betong og mur

Bedriftene erfarer at rekruttering av lærlingar er vanskeleg når ikkje «nærskulen» har det programområde det lokale næringslivet treng. For å komme næringslivet i møte foreslår fylkesdirektøren løysingar der programområda vg2 betong og mur og blir lyst ut ved nokre skular innafor ramma av klasseressursane skulen har til vg2 tømrrar. Ein ser føre seg at 2-5 plassar blir helde av slik at tilboda kan lysast ut. Tilgang på læreplassar må styre kor mange plassar som blir lyst ut og så må ein justere plasstalet i justeringssaka ut frå søkinga slik at ein fyller opp heile tilbodet. Skulane får ressursar til hovudgruppa og må løyse programfaga i betong og mur gjennom samarbeid med, og utplassering i, lokalt næringsliv. På bakgrunn av at prosessen med å få til ei slik løysing i praksis er kome lengre i nordfylket, tilrår fylkesdirektøren kombinasjonsløyising som det går fram av tabellen under.

Tilsvarande løysing ser ein føre seg mellom vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og taktekkning.

Som nemnt tidlegare i saka, peikar Byggopp på at ein bør opprette kombinasjonsklassar tømrrar/betong i distriktet i sørfylket. Dette vil i praksis fungere i småskala, som beskrive for nordfylket. Fylkesdirektøren vil vurdere om dette kan vere ei løysing for distriktsskulane sørfylket, i sak om opplæringstilbod 2021/22. Tilrådingane i denne saka, og som gjeld skulane i sørfylket, er heile klassar.

Vg2 bygg- og anleggsteknikk

Skule	Anleggsteknikk	Tømrrar	Betong og mur	Røyr	Ventilasjon, membran og taktekkning	Anleggsgartnar og idr.anl.fag
Arna vgs		x				
Askøy vgs*		x			x	
Austrheim vgs		x				
Flora vgs		x		x b	b	
Knarvik vgs		x				
Kvinnherad vgs		x				

Laksevåg og Bergen maritime vgs		x				
Mo og Øyrane vgs	x	x a	a			
Måløy vgs		x				
Odda vgs		x				
Os vgs	x	x				
Slåtthaug vgs		x	x			
Sogndal vgs	x	x a	a	x b	b	
Sotra vgs		x	x			
Stend vgs						x
Stord vgs		x				
Stryn vgs		x				
Voss vgs		x	x			
Åsane vgs*		x	x	x		

X viser til ein eller fleire klassar. A viser lokalisering av kombinasjonen av vg2 tømrar og vg2 betong og mur, medan b viser lokalisering av kombinasjonen vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og takteking.

Ved Måløy og Stryn vidaregåande skular kan det være aktuelt å kombinere vg1 bygg- og anleggsteknikk med vaksenopplæringstilbod som bidreg til auka søkargrunnlag til vg2-tilbodet og 1+3 i byggdriftarfaget.

* Detaljering av Askøy vgs og Åsane vgs vedtatt gjennom respektive rom- og funksjonsprogram i Hordaland fylkesting, høvesvis 12.6.2018 og 15.6.2016. Askøy vgs vil ikkje ha mogelegheit til å tilby vg2 ventilasjon, membran og takteking før tidlegast i 2023, grunna ombygging/rehabilitering.

Vg2 ventilasjon, membran og takteking

Eksisterande vg2-tilbod klima-, energi- og miljøteknikk (KEM) blir delt i vg2 røyr, og vg2 ventilasjon, membran og takteking.

I særleg del av Vestland fylke, er det berre Åsane vgs som i dag tilbyr vg2 KEM. Same skule er detaljert gjennom vedtak i skulebruksplanen til å tilby vg2 røyr. Askøy vgs er detaljert til å tilby vg2 ventilasjon, membran og takteking.

Askøy vgs er under utbygging og rehabilitering, og vil ikkje vere i stand til å tilby vg2 ventilasjon, membran og takteking før tidlegast 2023. I den forbindelse har fylkesdirektøren vurdert om det er føremålstenleg å bygge dette tilbodet opp også ved ein annan skule i perioden 2021 til 2023, anten som ei førebels eller permanent løysing. Når ein ser på tal lærekontraktar som er teikna i Vestland med utspring i vg2 KEM, viser det seg at tal lærekontraktar som er teikna etter vg2 er lågt. Som tabellane under viser, er det full opplæring i bedrift etter grunnskule eller vg1 som står for dei aller fleste kontraktane.

Fylkesdirektøren tilrår derfor at i perioden fram til Askøy vgs kan tilby vg2 ventilasjon, membran og takteking, bør tilbodet gå som eit 1+3-løp. Samtidig vil fylkesdirektøren vurdere om det også her vil vere behov og mogelegheit for kombinasjonsklassar, som nemnt under vg2 betong og mur.

Inngåtte lærekontrakter etter vg2 klima, energi og miljøteknikk - med ungdomsrett

		2016	2017	2018	2019	2020
BATAK 3-	Tak- og membranteckerfaget	0	1	0	2	0

BAVBL 3–	Ventilasjon og blikkenslagerfaget	4	1	5	1	0
-------------	--------------------------------------	---	---	---	---	---

Inngåtte lærekontrakter etter vg2 klima, energi og miljøteknikk - utan ungdomsrett

		2016	2017	2018	2019	2020
BAVBL 3–	Ventilasjon og blikkenslagerfaget	3	6	6	1	0

Tabellen under viser samla tal inngåtte kontraktar i dei to lærefaga. Full opplæring i bedrift etter grunnskulen og full opplæring i bedrift etter vg1 utgjer største delen av differansen i forhold til summen av tabellane over.

		2016	2017	2018	2019	2020
Tak- og membrantekkerfaget og ventilasjon og blikkenslagerfaget		28	34	22	35	0

Restaurant- og matfag

Jamfør omtale av restaurant- og matfag, vurderer fylkesdirektøren at det berre er behov for mindre endringar som følgje av endring i yrkesfagstrukturen. Fylkesdirektøren tilrår at Sandsli vgs bør tilby vg2 bakar og konditor frå skuleåret 2020/21. Elles vil programområda på vg2 vere uendra.